



ULSANDEN NØRDRE

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Gnr. 90 bnr. 2 nördre Ulsanden låg nördst på nåverande Ulsanden i Nordherad og vart også kalla Knuts plass. I 1800 er oppgjeve at den minste plassen Ulsanden var 16 år gammal, d.v.s. opprydda 1784 og at det var Ole Gundersen 1757-1819 som budde der. I 1797 selde og skjøta Gunder Olsen Ulsanden 1728-1819 rydningsplassen Ulsanden til sonen Knut Gundersen for 49 Rd. Gunder overdrog seinare søre Ulsanden til eldste sonen Ole, så det var nok nördre Ulsanden Knut overtok. Det ser såleis ut til at Gunder Olen har hatt hand om både nördre og søre Ulsanden, men at sonen Ole var på nördre før han overtok søre i 1804. Ole vart gift i 1784, det var kanskje da han etablerte seg på nördre.

*Knut Gundersen fekk i 1812 bygselseddel frå fogden på Knuts plassen eller Ulsanden, og i 1824 godtok rettshavarane i Nordherad statsalmenning at han kunne behalde plassen på sin og hustrus levetid mot årleg avgift. Knut Gundersen 1765-1852 vart i 1799 gift med Anne Olsdotter, dei hadde dottera
Kari 1799-1884*

*Kari vart i 1830 gift med Ingebret Eriksen Sandebakken 1803-1867, og i liste over husmannspenger til kyrkja i 1832 er det han som står som brukar. Kari og Ingebrigt hadde barna
Ragnhild f. 1830
Erik 1833-1833
Gunhild 1835-1862
Erik 1839-1912
Ole 1843-1861*

Alt i 1811 fekk far til Ingebret, Erik Engebretsen 1775-1858 bygsel på Bondesens plass i Synstlia. I 1860 fekk Erik Engebretsen (sonesonen) skjøte på Bondesens plass og i 1861 fekk han kongeskjøte på Ulsanden for 150 Spd. Folketellinga 1865 viser at familien da budde på Bondesens plass. Bondesens plass blir og kalla Ulsand-plassen, dette er truleg etter Ingebret og hans familie som kom frå Ulsanden.

Treskjæraren Hans Olsen Helleløkken 1792-1858 budde på Ulsanden og fekk dermed tilnamnet Ulsandsnikkaren, enkja Ingeborg Knutsdotter 1789-1877 budde hjå dottera på Flåten da ho døydde. Dei var på Ulsanden både i 1851 og 1856, og Hans var nemnd som føderådsmann da han døydde. Det er usikkert om dei var på nørdrø, søre eller i noko stugu ovanfor, men Håkon Ulsanden meiner at dei var på nørdrø Ulsanden der husa låg nørdrø i jordet på dagens Ulsand.

Det kan vera at Ingebret og familien har flytta til Bondesens plass etter at foreldra vart gamle, Ulsanden (eventuelt berre husa) kunne da bortleiest til Ulsandsnikkaren. I 1863 budde ein systerson Hans Olsen Sandebakken med familie på nørdrø Ulsanden, han er nemnd som inderst og dreiv dermed ikkje bruket.

I 1865 var det Jacob Hansen Holen som var brukar både på nørdrø og søre Ulsanden, og desse bruka har sidan vore drivi som eitt. Det er oppgjeve at familien budde på nørdrø i 1865, medan det i 1875 ikkje budde folk der. Jacob Hansen hadde nok overteke nørdrø Ulsanden i 1865 sjølv om han ikkje fekk skjøte frå Erik Engebretsen før i 1873 (for 150 Spd), da selde han både nørdrø og søre vidare til Ole Andersen.

I 1865 var dei ikkje eige husdyrhald på nørdrø Ulsanden, men det er oppgjeve at det vart sådd 1/8 tønne bygg, 7/8 tønne blandingskorn og 1/4 tønne poteter.

Kjelder: M.Lyng/G.Tank 1801/1923:

Beskrivelse usolgte almenninger ..., s. 76, 160

Folketelling 1865, 1875

Pantereister/grunnbok
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Utskrifter pantebøker
Håkon Ulsanden: munnleg fortalt